



Rabbens eigedomsskatt vart 20.300 kroner (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Før helga la eigedomsskattekontoret i kommunen fram skattelista for alle eigedommar som er skattepliktige og lista er å finna på kommunen si heimeside.**

**I Uskedalen er til dømes Eidsvik Eigedom AS ilagt ein skatt på 75 096 kroner, medan Nilsen Eigedom har fått 9096 for Sandavegen 15 og 21231 for Sandavegen 13.**

Eigedomsskatten til Rabben Feriesenter har endt på 20 300 kroner medan Uskedal Trelastlager har fått 11 011 i skatt for bygget i sentrum og 16 359 for det i Beinavikjo.

Skatten skal betalast i to delar og det er berre eigedommar med nye takstar for dette året som kan klaga på generelt grunnlag. Det må skje før utgongen av denne månaden.

Kombinerte næringseigedommar er delt i to takstar, ein for næringsdelen og ein for bustaddelen fordi dei to har ulik sats. Hvis ein eigar har to eigedommar kan dei vera slegne saman. Det gjeld ofte hvis det er kjøpt eit tilleggsareal.